



Fire av dei fem i det nye båtlag-styret: Frå venstre sit Tor Edward Taranger, Rolf Myklebust, Frode Ludvigsen og Leif Jarle Bergstø. Øystein Koløy var ikkje til stades. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**El-anlegget i den eldre del av båthamna skal no oppgraderast etter samrøystes vedtak under det ekstraordnære årsmøtet på Stemneplassen måndag kveld.**

Det skjer etter pålegg som eltilsynet kom med i fjor sommar og kostnaden vil truleg liggja rundt 150.000 kroner. El-anlegget i den nye delen av hamna tilfredsstillar krava..

Nokre av dei frammøtte var skeptiske til om laget hadde råd å ta heile oppgraderinga i ein omgang, men det nye styret frykta ikkje for at belastninga skulle bli stor stor. Det vart mellom anna vist til at det står 80.000 på kontoen for driftsinntekter.

Årsmøtet gjorde først vedtak – også etter forslag frå styret - om å auke hamneleiga frå 200 til 300 kroner pr. breiddemeter. Det vart opplyst at Husnes-hamna har ei langt høgare hamneleige. Den tidlegare leiar Harald Erdal var stemt for å halda fast ved 200 kroner eitt år til, men 300 vart vedteke med knappast moglege fleirtal..

I det nye styret sit leiar Frode Ludvigsen, skrivar Tor Edward Taranger og dei tre styremedlemmene Leif Jarle Bergstø, Øystein Koløy og Rolf Myklebust. Bergstø og Myklebust er utpeika som nye hamnevertar etter Leon Gundersen.

Men to av dei sommar-ansatte på SPAR er utlånt til å krevja inn pengar og vaska. I sommar skal båtlaget freista med åpen containar.

Båtlaget kjem ikkje til å driva med dieselsal denne sommaren og SPAR skal også ta seg av dette. Det vart opplyst at båtlaget i fjor tente berre 7.000 kroner på dieselsalet.

For medlemer vart dugnadstenesta auka frå 2 til 5 timar medan dugnadsinnsats ellers blir betalt med 100 kroner timen.

Det er ønskje om breiband-dekning i båthamna og denne saka blir no teken opp med Kvinnherad Breiband.

Uskedalen Utvikling har lenge hatt ein plan om sandvolley-bane og har spurt om båtlaget kan stilla eit areal til disposisjon for føremålet. Årsmøtet var skeptisk til dette, ikkje minst av omsyn til nærleiken til kyrkjegarden. Men kanskje kan andre i området avse eit passende areal?

Av Ola Matti Mathisen